

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD****2017/EØS/55/27****av 19. desember 2012****om tilstrekkeleg vern av personopplysninger på New Zealand i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF***[meld under nummeret K(2012) 9557]*

(2013/65/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 95/46/EF av 24. oktober 1995 om vern av fysiske personer i forbindelse med behandling av personopplysninger og om fri utveksling av slike opplysninger<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 25 nr. 6,

etter samråd med datatilsynsmannen til EU og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av direktiv 95/46/EF skal medlemsstatane syte for at overføring av personopplysninger til ein tredjestaat kan finne stad berre dersom den aktuelle tredjestaaten sikrar eit tilstrekkeleg vern, og dersom lovene til medlemsstatane om gjennomføring av andre føresegner i direktivet er oppfylte før overføringa finn stad.
- 2) Kommisjonen kan slå fast at ein tredjestaat sikrar eit tilstrekkeleg vern. I så fall kan personopplysningar overførast frå medlemsstatane utan at det er naudsynt med fleire garantiar.
- 3) I medhald av direktiv 95/46/EF skal nivået for vern av personopplysningar vurderast i lys av alle tilhøve som kan verke inn på ei overføring eller på ein kategori overføringar, samstundes som det skal takast særleg omsyn til visse faktorar som det er opplyst om, og som er relevante for overføringa.
- 4) Ettersom det finst ulike haldninga til vern av personopplysningar blant tredjestaatane, bør vurderinga av kva som er eit tilstrekkeleg vern, og alle avgjerder i medhald av direktiv 95/46/EF, gjennomførast på ein

måte som ikkje medfører vilkårleg eller urettkomen skilnadshandsaming av eller mellom tredjestatar der liknande vilkår gjeld, eller utgjer ei skjult handelshindring, samstundes som det bør takast omsyn til dei gjeldande internasjonale pliktene til Unionen.

- 5) New Zealand er ein tidlegare britisk koloni. Staten vart ein uavhengig dominion i 1907, men braut ikkje formelt sett dei konstitusjonelle banda sine med Storbritannia før i 1947. New Zealand er ein einskapleg stat og har inga skriftleg forfatning i vanleg tyding i form av eit grunnleggjande forfatningsdokument. Staten er eit konstitusjonelt monarki og parlamentarisk demokrati etter Westminster-modellen, med dronninga av New Zealand som statsoverhovud.
- 6) New Zealand fungerer etter prinsippet om parlamentarisk suverenitet. Etter tradisjonen finst det likevel ei rekke lover som er særleg viktige forfatningsmessig sett, og som vert rekna som overordna lovgeving («higher law»). Dette inneber at dei utgjer ein del av det forfatningsmessige grunnlaget ved at dei ligg til grunn for offentleg praksis og gjennomføring av anna lovgeving. I tillegg vil det venteleg vere tverrpolitisk semje i tilfelle endring eller oppheving av denne lovgevinga. Fleire av desse lovene er relevante for personvern: lova om grunnleggjande rettar («Bill of Rights Act») av 28. august 1990 (Public Act nr. 109 av 1990), lova om menneskerettar («Human Rights Act») av 10. august 1993 (Public Act nr. 82 av 1993) og lova om personvern («Privacy Acts») av 17. mai 1993 (Public Act nr. 28 av 1993). Tradisjonen med at det må takast omsyn til desse lovene ved utarbeidning eller framlegging av nye lover, viser kor forfatningsmessig viktige dei er.
- 7) Rettsreglane for vern av personopplysningar på New Zealand er i hovudsak fastsette i «Privacy Act», endra ved «Privacy (Cross-border Information) Amendment Act» av 7. september 2010 (Public Act nr. 113 av 2010). Denne lova er vedteken før direktiv 95/46/EF og er ikkje avgrensa til data som er handsama automatisk eller strukturerte i eit register, men omfattar alle personopplysningar utan omsyn til kva form dei har. Ho omfattar heile den offentlege og private sektoren, med nokre få særskilde unntak av offentleg interesse slik det kan ventast i eit demokratisk samfunn.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 28 av 30.1.2013, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 119/2013 av 14. juni 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tjenester og informasjons-samfunnstjenester) se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 67 av 28.11.2013, s. 24.

(<sup>1</sup>) TEF L 281 av 23.11.1995, s. 31.

- 8) Det finst ei rekje lovjevingsmessige rammer på New Zealand for handsaming av personvernspørsmål med omsyn til politikk, reglar eller klageinstansar. Nokre av dei er lovfesta, medan andre er innførte av eigenkontrollerte bransjeorgan, t.d. når det gjeld mediespørsmål, direkte marknadsføring, uønskte elektroniske meldingar, marknadsundersøkingar, helse og funksjonshemming, bankverksemde og forsikringar og spareordningar.
- 9) I tillegg til den lovjevinga som er vedteken av parlamentet på New Zealand, finst det ei stor samling med sedvanerettslege reglar som stammar frå engelsk sedvanerett, og som omfattar sedvanerettslege prinsipp og reglar som er relevante for vern av personopplysningar. Blant dei grunnleggjande sedvanerettslege prinsippa er prinsippet om individuelt verd eit av dei viktigaste innanfor lovjevinga. Dette sedvanerettslege prinsippet er eit underliggjande hovudelement i heile den newzealandske rettspraksisen. Den delen av newzealandsk rettspraksis som byggjer på sedvaneretten, innehold òg ei rekje andre aspekt ved personvernet, medrekna krenking av privatlivets fred, tillitsbrot og vern mot ærekrenking, plaging, trakassering, injuriar, aktløyse m.m.
- 10) Dei rettsreglane for vern av personopplysningar som vert nytta på New Zealand, omfattar alle dei grunnleggjande prinsippa som er naudsynt for eit tilstrekkeleg vern av fysiske personar, og innehold òg unntak og avgrensingar med sikte på å trygge viktige offentlege interesser. Desse rettsreglane for vern av personopplysningar, medrekna unntaka, speglar dei prinsippa som er fastsette i direktiv 95/46/EF.
- 11) Bruken av rettsreglane for vern av personopplysningar vert sikra ved administrative og rettslege middel og ved uavhengig tilsyn frå ei tilsynsstyresmakt, kalla «Privacy Commissioner», som har fullmakter som svarar til dei som er fastsette i artikkel 28 i direktiv 95/46/EF, og som handlar uavhengig. Alle partar som det gjeld, har òg rett til å legge fram søksmål for å få skadebot som følgje av ulovleg handsaming av personopplysningar.
- 12) New Zealand bør difor reknast for å ha eit tilstrekkeleg vern av personopplysningar slik det er nemnt i direktiv 95/46/EF.
- 13) Denne avgjerdan gjeld spørsmålet om vernet av personopplysningar på New Zealand er tilstrekkeleg med sikte på å oppfylle krava i artikkel 25 nr. 1 i direktiv 95/46/EF. Avgjerdan bør ikkje ha innverknad på andre vilkår eller avgrensingar som vert nytta ved gjennomføringa av andre føresegner i direktivet som gjeld handsaming av personopplysningar i medlemsstatane.
- 14) Av omsyn til klarleiken og for å syte for at dei rette styresmaktene i medlemsstatane får høve til å sikre personvernet med omsyn til handsaming av personopplysningar, må det opplystast om kva ekstraordinære omstende som gjev rett til å mellombels oppheve visse overføringar av opplysningar, sjølv når vernet er funne å vere tilstrekkeleg.

- 15) Arbeidsgruppa for personvern i samband med handsaming av personopplysningar, som vart oppnemt i medhald av artikkel 29 i direktiv 95/46/EF, har gjeve ei positiv fråsøgn om nivået for eit tilstrekkeleg vern av personopplysningar på New Zealand<sup>(1)</sup>, noko som det er teke omsyn til ved utarbeidingsa av denne gjennomføringsavgjerdan.
- 16) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerdan, er i samsvar med fråsøgna frå det utvalet som er oppnemt i medhald av artikkel 31 nr. 1 i direktiv 95/46/EF —

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

- Med omsyn til artikkel 25 nr. 2 i direktiv 95/46/EF vert New Zealand rekna for å ha eit tilstrekkeleg vern av personopplysningar som vert overførte frå Unionen.
- Den rette tilsynsstyresmakta for bruk av rettsreglane for vern av personopplysningar på New Zealand er fastsette i vedlegget til denne avgjerdan.

#### *Artikkel 2*

- Utan at det rører ved fullmakta deira til å gjere tiltak for å sikre samsvar med nasjonale føresegner som er vedtekne i medhald av andre føresegner enn artikkel 25 i direktiv 95/46/EF, kan dei rette styresmaktene i medlemsstatane utøve den noverande fullmakta si til å mellombels oppheve overføringar av opplysningar til ein mottakar på New Zealand for å verne personar i samband med handsaming av personopplysningar i følgjande tilfelle:
  - når den rette styresmakta på New Zealand har slått fast at mottakaren ikkje etterlever dei gjeldande personvernreglane, eller
  - når det er svært sannsynleg at personvernreglane ikkje vert etterlevde, når det er rimeleg grunn til å tru at den rette styresmakta på New Zealand ikkje til rett tid gjer eller ikkje kjem til å gjere høvelege tiltak for å avgjere saka, når ei vidare overføring vil innebere ein overhangande fare for alvorleg skade for dei som er registrerte, og når dei rette styresmaktene i medlemsstatane under dei rådande omstenda har gjort ein rimeleg innsats for å varsle den som er ansvarleg for handsaminga på New Zealand, og gje den det gjeld eit høve til å svare.
- Den mellombelse opphevinga skal ta slutt straks personvernreglane vert etterlevde og den rette styresmakta i den aktuelle medlemsstaten får melding om dette.

#### *Artikkel 3*

- Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommisjonen om dei tiltaka som vert vedtekne i medhald av artikkel 2.

<sup>(1)</sup> Fråsøgn 11/2011 av 4. april 2011 om vernet av personopplysningar på New Zealand. Tilgjengeleg på [http://ec.europa.eu/justice/data-protection/article-29/documentation/opinion-recommendation/files/2011/wp182\\_en.pdf](http://ec.europa.eu/justice/data-protection/article-29/documentation/opinion-recommendation/files/2011/wp182_en.pdf).

2. Medlemsstatane og Kommisjonen skal melde frå til kvarandre om tilfelle der tiltak som er gjorde av organ som har ansvar for samsvar med personvernreglane på New Zealand, ikkje sikrar slikt samsvar.

3. Dersom dei opplysningsane som er innhenta i medhald av artikkel 2 nr. 1 og i medhald av nr.1 og 2 i denne artikkelen, viser at eit organ som har ansvar for samsvar med personvernreglane på New Zealand, ikkje utfører oppgåva si på ein effektiv måte, skal Kommisjonen melde frå til den rette newzealandske styresmakta og om naudsynt legge fram eit utkast til tiltak etter den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 31 nr. 2 i direktiv 95/46/EF, med sikte på å oppheve eller mellombels oppheve denne avgjerdan eller avgrense verkeområdet hennar.

#### *Artikkelen 4*

Kommisjonen skal overvake bruken av denne avgjerdan og melde frå til det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 31 i direktiv 95/46/EF, om alle relevante funn, medrekna alle omstende som kan ha innverknad på vurderinga i artikkel 1 i

denne avgjerdan av at vernet på New Zealand er tilstrekkeleg i medhald av artikkel 25 i direktiv 95/46/EF, og alle omstende som viser at denne avgjerdan vert gjennomført på ein måte som inneber skilnadshandsaming.

#### *Artikkelen 5*

Medlemsstatane skal innan 20. mars 2013 gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter denne avgjerdan.

#### *Artikkelen 6*

Denne avgjerdan er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. desember 2012.

*For Kommisjonen*

Viviane REDING

*Visepresident*

---

#### *VEDLEGG*

Den rette tilsynsstyresmakta som er nemnd i artikkel 1 nr. 2 i denne avgjerdan, er:

Privacy Commissioner:  
Te Mana Matapono Matatapu

Level 4  
109-111 Featherston Street  
Wellington 6143  
New Zealand

Telefon: +64-4-474 7590  
E-post: [enquiries@privacy.org.nz](mailto:enquiries@privacy.org.nz)  
Nettstad: <http://privacy.org.nz/>

---